

Tømekalender

Restavfall: 17.11

Matavfall: 03.11, 17.11, 01.12

Papir, glass/metall, plast: 03.11, 01.12

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad
www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Sundag 7.nov kl.1900, gudsteneste i Fjellgardane kyrkje

Helgemessesundag/Minnedag og diakoniens dag, Per Emanuelsen vert med.

Sundag 14.nov kl.1500, kyrkjestoga i Valle

«Søndag for dei forfølgde» Burmesisk kafe, utlodning og besøk av Torunn Rusten Skar frå Stefanusalliansen

Tysdag 16.nov kl.1900 kyrkjestoga i Valle,

Foredrag med Helge Simonnes, «Arven etter Donald Trump – når konspirasjonsteorier og religiøs retorikk truer demokratiet»

1.sundag i advent, 28.nov. kl.11.00 Gudsteneste i Bykle kyrkje,

Barnekoret vert med

Møte på Klippen ved Ole Bjørn og Edny Saltnes, laurdag 30.10 kl 16.00

Sarepta held møte i Bykle kyrkje 12.+13. november kl. 19.00 og søndag 14.november kl. 11.00. Tale ved Lorents Nord-Varhaug.

Velkommen til adventsfest Søndag 28.11

Det blir underhaldning, kaker, kaffe og brus i Bykle samfunnshus kl 17.00

Kan hende nissen kjem òg...?

UFO-kveldar

Bykle husflidslag arrangerar UFO (uferdige prosjekt)-kveldar i haust. Har du liggande eit halvferdig hobbyprosjekt, kan du ta det med og sitte saman med andre i Lislestog kvar onsdag (med unntak av dei onsdagane det er kulturkafé) kl 18-21. Det vil ikkje vere nokon form for lærar på desse kveldane, men skulle ein trenge hjelp til noko kan ein spørje kvarandre. Vel møtt!

Gåve frå Sparebanken Sør til elevrådet

Elevrådet ved Bykle barne – og ungdomsskule fekk nye frisbee i gåve frå banken i forbindelse med opning av den nye 9 hulls frisbee banen ved skulen. Banen er mykje brukt og me håpar gåva gjer at fleire kjem seg ut og prøver.





Gulemesse

Soknehuset på Rysstad

Laurdag 20.november 2021

Program:
Kl. 12.00 Åpning og velkomst v/Olav Mosdøl
Kl. 14.00 og 18.00 Møte. Tale v/Øyvind Åsland
Sang av Synnøve Aanensen

Etter åpning og mellom møta blir det:
*Utlodning av mange fine gevinstar
*Kakelotteri (marsipan-, krans-, og diverse andre kaker)
*Kafeteria med mykje god mat:
Sal av lapskaus, pølser og brus. Gratis vaflar, muffins og kaffi.

Velkommen!

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAUD

Bykle og Hovden teaterlag presenterer

HOVDENREVIEN 2021

Siste stikk??



FORESTILLINGER:
29.–30.10.21 OG 05.–06.11.21
Alle forestillinger KL 19.00

Billettpris KR 275,-

INSTRUKTØR BJØRO HILDEBRANDT
MUSIKALSK LEDER MAGNUS MALMEDAL DRÅGEN

Billettsalg: ebillett.no/hovden
ELLER HOVDEN GRENDEHUS



Følg Bykle kommune på facebook



Byklaren
eit informasjonsblad frå Bykle kommune

November 2021 32. ÅRGANG | OPPLAG 541



Kulturkafé

Onsdag 24. november kl 18.00—Bykle samfunnshus

Program: Flyslepp i Bykle under krigen.

Ole Asbjørn Bergstøl er historielærer ved Kristiansand Katedralskole. Han fortel om dramatiske hendingar som skjedde i Bykle kommune under 2ndre verdskrig. Det vert også utstilling med gamle gjenstandar som er funne i fjellet etter krigen.

Kafésal v/Bykle Husflidslag: Kyllingsuppe og kake.

Inngong gratis.

Velkommen!

Arr: Kultur og fritid 2021

LaurdagsOpe grendehus

Laurdag 13.november
Kl. 10.–15.

Aktiv Familiedag!

- ♦ Bruktsal av sportsutstyr, trampoline.
- ♦ Kunststasjon, bordtennis, biljard, gaming
- ♦ Sal av vaflar

Bykle kommune
Kultur & Fritid

Program:

- Sal av brukttutstyr i kinosalen ved Hovden Sportsklubb
- Trampoline i gymsal v/Hovden Sportsklubb
Kl. 1100-1200 1-4 trinn
Kl. 1230-1330 5-7 trinn
- Kunststasjon med tema jul for barn. Kom saman med ein vaksen.
- Opent bibliotek og hems med biljard, bordtennis m.m
- Sal av vaflar og saft ved 9 og 10. trinn.

Ved spørsmål ta kontakt med Hovden grendehus mob. 90216856

På åpent grendehus lørdag den 13.11 vert det òg «Bytedag for vinterutstyr». Alle kan ta med det utstyret og vintertøyet dei kunne tenke seg å selje/byte. Tinga skal vere reine og i god stand! Borda rigges til i kinosalen frå kl 10, mens sjølve sal/bytinga skjer frå 11-14.

UNGDOMMENS KULTURHUS
BYKLE - HOVDEN

SOSIAL MØTESTAD FOR BARN OG UNGE

UNGDOMMENS KULTURHUS ER EIN STAD DER LOKAL UNGDOM KAN DRIVE MED SJØLVORGANISERT AKTIVITET SOM GAMING, BRETTSPEL, DANS, YOGA, BALLSPEL, BAND, LEKSER og TEIKNING. GYMSALANE ER OPNA FOR SJØLVORGANISERT LEIK FOR ALLE FRÅ 5. TRINN OG OPPOVER. GYMSAL KAN BOOKAST I RESEPSJON ELLER BIBLIOTEK I OPNINGSTIDA TIL KULTURHUSA.

ÅPNINGSTIDER

BYKLE SAMFUNNSHUS
MÅNDAG OG TORS DAG: 10:00 - 17:00
ONSDAG: 14:00 - 19:00

HOVDEN GRENDEHUS:
MÅNDAG - TORS DAG: 08:00 – 22:00
FREDAG: 08:00 – 16:00

Bygdekinoen
www.bygdekinoen.no

BILLETTSALGET ER I GANG

NORDSJØEN

PETER KANIN

Hovden grendehus:

Tysdag 09.11
Kl. 17.30 - Familien Addams 2
Kl. 19.30 - Nordsjøen

Tysdag 23.11
Kl. 17.30 - Tre Nøtter til Askepott

Bykle samfunnshus:

Laurdag 06.11
Kl. 17.30 - Petter Kanin hopper hjemmefra
Kl. 19.30 - Nordsjøen

Laurdag 04.12
Kl. 17.30 - Tre Nøtter til Askepott



Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no
Frist for desemberutgåva er 18.11. Den vert utlevert 1-2.12

www.bykle.kommune.no

Politiske møter i november (budsjetthandsaming)

Ungdomsrådet 2.11 Levekårsutvalet 3.11 Planutvalet 8.11 Administrasjonsutvalet/Formannskapet 9.11 Kommunestyret 24.11
Saksdokument vart lagt ut ei veke før på heimesida under «INNSYN»

Influensavaksinering

Influensavaksineringa startar på grendehuset på Hovden 2/11 kl. 14.00. Alle over 65 år, og dei som er i risikogrupper som tok vaksina i 2020 vil få ei sms- innkalling om tidspunkt. Det vil bli fleire dagar med vaksinering. Har du ikkje fått sms, ta kontakt med legekantoret for tinging av vaksine.

Gje beskjed til legekantoret om det ikkje passar eller du ikkje vil ha vaksina eller er sjuk og må utsette tidspunktet.

Vaksina er gratis for dei som er over 65 år og dei som er i risikogrupper. Dei som ikkje har frikort må betale 50kr, så det er fint om du tar med kontant, akkurat beløpet.

Dose 3 av koronavaksine

I uke 45 begynner vi med vaksinering av dose 3 av covidvaksina (Pfizer) på de som er over 65 år. Du vil få en sms. Har du spørsmål angående dose 3 ta kontakt med legekantoret

Flatlandsstoga i Bykle

For feiring av barnedåp, konfirmasjon, bryllaup eller andre merkedagar i eit bonderomantisk miljø.

Flatlandsstoga kan nyttast som selskapslokale og har plass for servering til ca. 30 personar fordelt på to stuer. Det er velutstyrt kjøkken med dekketøy, kokemoglegheiter og stor oppvaskmaskin. Huset kjem frå Oveinang, nord for Valle, men vart flytta til Lislestog i Bykle i 1966.

Stoga passar for mange slags feiringar men har ikkje danseplass, derfor best å sitte til bords. Utanfor er det idyllisk bygdemiljø med gamle bygningar. Vis a vis ligg gamle Bykle kyrkje.

Ein kan også engasjerer intim-konsertar eller andre kulturinnslag som ikkje krev ei stor scene.

Booking: Flatlandsstoga eiges av ein stiftelse, men utleie administrerast av Kultur og fritid. Ta derfor kontakt med samfunnshuset i Bykle for meir informasjon og booking.

Pris for Bykle sine innbyggjarar kr 400,-.



Boksirke

Vi møtast måndag 29/11 kl. 19 på biblioteket på Hovden. Boka vi les er ikkje heilt avklart. Ta kontakt med biblioteket om du har spørsmål.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no


LaurdagsOpe grendehus

4. desember
KL 10-15



GLADE JOL

- ◆ JUEVERKSTAD 11 -14
- ◆ UTSTILLING av PepparkakeFjellby



Gratis inngong



Velkommen

Program.

Velkomen til ordentleg julestemning!

Vi opnar utsillinga av pepparkake jolebygdii.

Det vert juleverkstad for store og små.

Meir kan kome på programmet, følg med!

Har du lyst å bidra med noko denne dagen?

Ta kontakt med resepsjonen på Hovden grendehus.

M: 90 21 68 56 | E: grendehuset@bykle.kommune.no



MEIROPENT BIBLIOTEK I BYKLE!

- ◆ Lås deg inn på biblioteket med lånekortet
- ◆ Lån bøker, sitt og les eller bruk det trådlause nettet
- ◆ Kan og brukast til mindre møte og samlingar
- ◆ Aldersgrense 16 år
- ◆ Opent alle dagar kl. 7-23
- ◆ Kom innom og lag avtale :-)

Velkommen!

Biblioteket oppmodar alle foreldre til å sørge for at barnet deira har eget lånekort. Dette kan alle frå 1. klasse få. Kom gjerne innom eit av biblioteka for meir info.

Opningstider kulturhus og bibliotek:

Hovden grendehus og bibliotek:

Måndag – torsdag 8-22

Fredag 8-16

Bykle samfunnshus og bibliotek:

Måndag 10-17

Onsdag 12-19

Torsdag 10-17

Meiropent bibliotek alle dagar 7-23.

NB! Biblioteket i Bykle held stengt f.o.m. torsdag 28/10 t.o.m. tysdag 9/11. For kontakt i denne perioden kan du kontakte Hovden grendehus som formidlar beskjed vidare.

Kontaktinfo Hovden grendehus:

grendehuset@bykle.kommune.no /
tel. 902 16 856

Kontaktinfo Bykle samfunnshus:

samfunnshuset@bykle.kommune.no /
tel. 476 85 262

SHADOW

BYKLE-HOVDEN FRITIDSKLUBB

JR. KLUBB (5. - 7. TRINN) 17:30 - 20:00
BYKLE ONS 10.11 /
JULE-KICK-OFF FRE 26.11

KLUBB (8. - 12. TRINN) 19:00 - 22:00
BYKLE FRE 12.11 /
JULE-KICK-OFF FRE 26.11

MED FORBEHOLD OM ENDRINGER

VENNLIG HELSING IDA OLSEN-SUND, FAGLEIAR UNGDOM
OG KULTUR M: 95823738